

Returadresse: Arkivverket
Pb 4013 Ullevål Stadion
0806 OSLO



ARKIVVERKET

Vestland fylkeskommune
v/ Espen Sæterbø

Dato 09.10.2020
Din ref.
Vår ref. 2020/16066
Sakshandsamar JOEN/BEVAR

Kassasjon av arkivseriar etter næringsmiddeltilsyn i Stryn kommune

Vi viser til søknad av 29.09.2020.

Vestland fylkesarkiv har motteke arkiv etter det interkommunale næringsmiddeltilsynet i Stryn og Hornindal kommunar, der Stryn var vertskommune. Arkivet er frå perioden 1983 – 2004. Etter 2004 vart næringsmiddeltilsyn ei statleg oppgåve.

Søknaden gjeld ein skilde serie med skjemabaserte og standardiserte dokument frå kontroll- og analyserutiner, og fylkesarkivet kan ikkje sjå at materialet har verdi for ettertida. Fylkesarkivet peikar også på at ifølgje Riksarkivarens reglar om bevaring og kassasjon frå 1987 skulle dette materialet kasserast etter 10 år.

Riksarkivaren seier seg einig i vurderingane, og vedtek med dette at dei aktuelle seriene kan kasserast. Vedtaket er gjort med heimel i arkivlova § 9c.

Med helsing

Espen Sjøvoll
avdelingsdirektør

Jørgen Engestøl
rådgjevar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har ingen signatur

Fra: Espen Sæterbø (Espen.Seterbo@vlfk.no)

Sendt: 29.09.2020 13:56:09

Til: Postmottak

Kopi:

Emne: Kassasjon av arkivseriar i interkommunalt næringsmiddeltilsyn

Vedlegg:

Hei,

Vi har motteke eit arkiv etter det interkommunale næringsmiddeltilsynet i Stryn(som leverte tenester for Stryn og Hornindal kommunar, med Stryn som vertskommune). Arkivet er frå perioden 1983 – 2004 (fram til då det vart ei statleg oppgåve). Arkivet har dei siste åra vorte ståande i Stryn kommune, men kom i sommar inn til Fylkesarkivet i Vestland for ordning.

I prosessen med klargjering av arkivet til ordning har vi funne fram følgjande spesialseriar:

- Analyseresultat tilsynsprøver 1999-2003
- Analyseresultat mjølkerom 2001-2003
- Analyseresultat oppdragsprøver 1998-2003
- Analyseresultat private vassverk 1983-1999
- Ymse skjema for prøvetaking av kjøt
- Følgeskjema vatn 1995-2003
- Følgeskjema næringsmidlar 1999-2003
- Ringtestar vatn - mikrobiologi
- Ringtestar vatn - kjemi
- Ringtestar næringsmidlar – kjemi
- Arbeidsskjema oppdragsprøver, vatn, næringsmidlar 1999-2003

Desse skjemabaserte, standardiserte dokumenta ber preg av ein rutinemessig utfylling, og har sannsynlegvis ikkje hatt omfattande sakshandsaming om det i det heile tatt har hatt det.

Vi kan ikkje sjå at desse seriene har ein særleg verdi for etertida, av ein slik grad at det er verd å bevare dei.

Bevarings- og kassasjonsbestemmelser for fylkeskommunale og kommunale arkiv skapt etter 1950 nemner ingenting om næringsmiddeltilsyn, men i dei utgåtte retningslinjene for arkivbegrensing og kassasjon i kommunale arkiv av 1987 finn ein følgjande kodar:

411 Drikkevannskontroll kasserast etter 10 år

Kontrollresultater for hvert 10. år bevares.

412 Alminnelig næringsmiddelkontroll

Husdyrepidemidokumenter bevares.

Saker uten prinsipiell betydning kasserast etter 10 år

413 Kjøttkontroll

Saker uten prinsipiell betydning kasserast etter 10 år

Ut i frå det utgåtte regelverket, så kan desse sakene då kasserast etter 10 år, og same type saker er som sagt ikkje nemnt i dei nye bestemmelsane.

Korleis går vi fram? Søkjer vi kassasjon på vegne av oppdragsgjevar(Stryn kommune)? Og må vi søkje om dispensasjon for å bruke det utgåtte regelverket?


Med helsing

Espen Sæterbø

Seniorrådgjevar

Avdeling kultur, idrett og inkludering

Seksjon Arkiv





Tlf: 57 63 80 65

www.ylfk.no / fylkesarkivet.no